



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 26. mai 2014

Olje- og energidepartementet
v/Møre og Romsdal fylkeskommune

KLAGE – HERRESDALSELVA KRAFTVERK I TINGVOLL KOMMUNE

Vi viser til konsesjonsvedtak, av 5.5.2014, mottatt 16.5.2014 (Møre og Romsdal fylke, ref. 19235/14).

Naturvernforbundet klager med dette på vedtaket. Vi meiner at ulempene er større enn fordelane med kraftverket, jf. vannressurslova § 25, og vidare at det manglar vurderingar etter naturmangfaldloven for den delen av vedtaket som gjeld regulering av Herredsdalsvatnet. Vidare er det gjort feil i vurderingane av samla belastning, jf. naturmangfaldloven § 10.

Naturvernforbundet arbeidar spesielt med biologisk mangfald og friluftsliv. Vi kan på førespurnad gjere nærare greie for vår rett til å klage. Naturvernforbundet i Tingvoll og Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har elles avtalt arbeidsdeling slik at fylkeslaget handsamar kraftverksakene.

Naturvernforbundet meiner at det er såpass få vassdrag igjen i Tingvoll kommune som ikkje er betydeleg regulert av ulik verksemd, slik at ein gjerne hadde sett at Herredsdalselva fekk renne fritt og i full utfalding. Vi har likevel innstilt oss på at det kan kome eit kraftverk basert på inntak av elva, og det var ikkje aktuelt å klage viss vedtaket var i samsvar med innstillinga frå NVE. Når Møre og Romsdal fylke, mot tilrådinga frå NVE og innstillinga frå fylkesrådmannen, vedtok at konsesjon også gir løyve til regulering av Herredsdalsvatnet, blir dette eit inngrep som er større enn det Naturvernforbundet kan godta.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

1. Vurderingane etter vannressurslova § 25

NVE summerer opp sine vurderingar slik:

«Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at fordelene av det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE anbefaler at Møre og Romsdal fylkeskommune gir Herredsdalselva kraftverk tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging av Herredsdalselva kraftverk, men uten en regulering av Herredsdalselva kraftverk¹, på nærmere fastsatte vilkår.»

Regulering av Herredsdalsvatnet vil gi nokre fleire ulemper enn om prosjektet blir gjennomført utan regulering. Det er tilhøve direkte knytt til reguleringssona i vatnet og eit endra avrenningsmønster som gir verknad for elva, og som også kan tenkjast å gi eit usikkerheitsmoment når det gjeld bruken av Storvatnet som drikkevasskjelde.

NVE vurderer utelating av regulering av Herredsdalsvatnet som det viktigaste avbøtande tiltaket som reduserer negativ påverknad på naturtypelokalitetane knytt til elva.

Utøver dette ser ein ikkje i detalj korleis regulering av Herredsdalsvatnet er vurdert med omsyn til veginga av fordelar og ulemper når det gjeld vannressurslova § 25.

NVE sette krav til avgrensa regulering av Gylvatnet i isperioden. Fylkeskommunen har med manglande krav opna for at Herredsdalsvatnet kan variere ein meter i perioden med is, noko som gjer at ein ikkje kan ferdast over isen trygt. Strengt tatt har vel ikkje fylkeskommunen sagt noko om reguleringshøgde i det heile, så utbyggar har vel fått ei blankofullmakt til å setje hyttene i Herredsdalen under vatn om han finn det tenleg. Dette er eit døme på at ordninga med å flytte vedtaket frå NVE til fylkeskommunen i denne typen saker gir klart dårlegare sluttresultat.

Naturvernforbundet legg til grunn at ulempene blir større enn fordelane når det blir gitt løyve til regulering av Herredsdalsvatnet.

Fylkeskommunen har ikkje gjort eigne vurderingar knytt til vannressurslova § 25. Vurderinga som gjeld dette er gjort av NVE og då utan regulering av vatnet. Såleis er det eit rekneskap jf. vannressurslova §25 som manglar ein del av reknestykket når det blir gitt løyve til regulering av vatnet. Når vesentlege delar av vurderingsgrunnlaget manglar, kan ein ikkje konkludere med at fordelane overstiger ulempene i dette høvet, og då manglar fylkeskommunen heimel for sitt vedtak.

2. Regulering av Herredsdalsvatnet og vurderingar etter naturmangfaldloven

Sidan NVE har tilrådd konsesjon utan regulering av Herredsdalsvatnet, er det mogleg å vurdere denne saka etter naturmangfaldloven utan å gå særleg inn på verknader av regulering av vatnet. Når Møre og Romsdal fylke vedtar konsesjon inkludert regulering av vatnet, er det nødvendig å gjere nye vurderingar etter naturmangfaldlova på dette punktet. Det er ikkje gjort, og det føreligg såleis ein sakshandsamingsfeil som kan få verknad for utfallet av saka. Såleis kan ein anta at fylkeskommunen sitt vedtak kan vere ugyldig på dette punktet.

¹ Må vere Herredsdalsvatnet som er meint.

Ei regulering av vatnet gir direkte verknader i reguleringssona. Det gir vidare verknader over reguleringssona i visse høve, og det kan gi verknader på det som lever i vatnet. Regulering av vatnet gir høve til å halde tilbake vatn når det normalt er flaum i elva, og det gir høve til å køyre kraftverket i periodar der det elles ville stått stille, noko som gir endra påverknad nedstraums kraftverket. Alle desse endringane i føresetnader manglar vurdering etter naturmangfaldlova.

Naturvernforbundet spela inn i høyringsprosessen (Brev av 31.10.2011 til NVE) at det er få vatn i Tingvoll som er tilnærma upåverka, og at samla påverknad av vassdragsnaturen i Tingvoll difor måtte vurderast særskilt. NVE har gjort ei slik vurdering i si tilråding: «NVE har sett på ressursene i området, og mener at Tingvoll kommune ikke er spesielt belastet når det gjelder kraftutbygging. Det er fortsatt en del gjenværende ressurser i kommunen. NVE mener andre påvirkninger, som jordbrukspåvirkning, er av en annen art, som vi ikke tillegger vekt i vår vurdering av sumvirkninger i området.»

Naturvernforbundet meiner at NVE i dette spørsmålet har gjort ei feilvurdering når det gjeld det som skal vurderast etter naturmangfaldloven § 10, noko vi tok opp i brev av 25.3.2014 til Møre og Romsdal fylkeskommune. Naturmangfaldlova tar utgangspunkt i naturen, i dette høvet vatna i Tingvoll og økosystema rundt dei. Det er nærast uinteressant om det er hundre aktørar som har tatt eit vatn kvar og difor berre har påverka ein prosent kvar. Då er det ikkje 99% av vatna som er urørt. Viss alle vatna er påverka, så gjeld påverkinga 100% på denne naturtypen, uavhengig av kven som påverkar, og det er det som er det vesentlege. NVE har difor kome til feil konklusjon på dette punktet. Det har også noko å seie for vurderinga av ulempene, sidan Herredsdalsvatnet sannsynlegvis har eit klart anna preg enn dei andre nemnte vatna, og difor vil vere det siste av sin art. Vulvikvatnet som ikkje sto i lista (mindre enn 100 dekar) over vatn som ikkje har aktiv påverknad no, er truleg det vatnet som kan likne mest. Herredsdalsvatnet ligg på ca. 250 moh, Vulvikvatnet på kring 400 moh. Herredsdalsvatnet er meir enn fem gonger så stort. Det er også ein moglegheit for at Vulvikvatnet er noko meir påverka av kalkbergartar. Samanlikningar som går noko særleg inn på slike tilhøve er ikkje gjort i denne saka, og det må leggest til grunn at Herredsdalsvatnet er såpass forskjellig frå dei andre inn til det er gjort undersøkingar som fortel noko anna.

Konklusjon

Inngrepet aukar ganske mykje med regulering av Herredsdalsvatnet. Verken NVE eller Møre og Romsdal fylke har gjort vurderingar som viser at fordelane er større enn ulempene med omsyn til vannressurslova § 25 viss Herredsdalsvatnet blir regulert, og vurderingar etter naturmangfaldloven manglar når det gjeld verknad av regulering av Herredsdalsvatnet. Fylket sitt vedtak er difor sannsynlegvis ugyldig. Naturvernforbundet meiner at konsekvensane av ei regulering av Herredsdalsvatnet er så store at det ikkje kan gjevast konsesjon.

Med vennleg helsing

Øystein Folden

leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett

www.naturvernforbundet.no/mr